



## Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 06.09.2016  
**Møtestad:** Formannskapsrommet  
**Møtetid:** 09:00 - 09:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalseiar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Linda Neset	SO	Medlem	Ugild sak 12/16.
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	Ugild sak 12/16

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Roger Wilhelm Fure	SA	Varamedlem	Møtte som vara for Kjetil Eikefet

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingsjef		
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
009/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/2016	Godkjenning av møtebok
011/2016	Referatsaker
012/2016	Søknad om tilskot og lån frå Næringsfondet - Modalen Sandtak AS

### Notat frå møtet:

Sak 012 vart handsama først i møtet.

Ove Sæbø som er nyttilsett Kultur og utviklingssjef møtte og gav ein kort presentasjon av seg.

Ove Sæbø vil få ansvar for revisjon av fondsvedtektene for stønad til landbruk og næringsliv forøvrig. Fondsstyret ba om at det vart laga eit notat med framlegg til prosess for dette arbeidet. Dette vert å leggje fram for næringsfondsstyret snarast råd.

009/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjent

---

010/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:  
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

011/2016: Referatsaker

Behandling:  
Ordførar orienterte kort om utsendt delegert vedtak i sak 019/2016.

Rådmannen orienterte om kva saker /søknader som er under handsaming i administrasjonen

Rådmannen orienterte om at det er opna konkurs i Modalen Mekaniske AS. Kommunen sitt uteståande i høve innvilga lån til selskapet vil verte avskreve i kommunen sitt rekneskap når bubehandlinga er avslutta.

Samrøystes

Vedtak:  
Referatsaker vert tekne til orientering.

---

012/2016: Søknad om tilskot og lån frå Næringsfondet - Modalen Sandtak AS

Behandling:

**Habilitet:**

Linda Neset er gift med ein av grunneigarane som er part i saka. Ordførar opplyste om at vara var vurdert innkalla, men at alle varamedlemene på Solrenningslista var ugilde grunna eigarskap i selskapet eller ikkje kunne møte.

Varmann for Kjetil Eikeset møtte. Ugildskapet vart avklart i møte den 5.4.16 då søknad først vart handsama. Fvl § 6 a, b

Det var 4 av 5 medlemer til stades i denne saka.

Rådmannen orienterte om innkomne nye opplysningar og rådmannen si vurdering av søknaden.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune løyver inntil **kr 271.000 (35 % av søknadsgrunnlaget) i tilskot** frå næringsfondet til delfinansiering av omsøkte investeringar for Modalen Sandtak AS.

Modalen kommune løyver inntil **kr 115.000 (15 % av søknadsgrunnlaget) i lån** frå næringsfondet til delfinansiering av omsøkte investeringar for Modalen Sandtak AS.

Vilkår for utbetaling av tilskot:

Tilskotet kan utbetalast på grunnlag av medgåtte kostnader i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsegnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Vilkår for utbetaling av lån:

Innvilga lån vert utbetalt etter framlagt dokumentasjon av fullfinansiering.

Denne tilsegna må nyttast innan 1 år frå tilsegnsdato, ellers fell den bort. Det er høve til å søkje forlenging av fristen.

**Lånevilkår:**

Lånet kan utbetalast når investeringane er gjennomført. Lånet skal attendebetalast med like store avdrag over 5 år.

Lånerenta vert berekna etterskotsvis basert på den til kvar tid gjeldande rente for lån i Næringsfondet, p.t. ca. 1.14 % p.a.

Utbetaling av lån over kr 50.000.- skal sikrast med tinglyst pantekrav med prioritet etter andre lån til selskapet.

**Andre vilkår:**

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flyttar frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m.v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadmottakaren pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksending i dette tidsrommet.

**EØS-regelverket – opplysningsplikt.**

Tildeling av tilskotet vert gjort i samsvar med reglane for bagatellmessig stønad. Ved eventuelle nye søknader om offentlig stønad (uansett stønadskjelde) har stønadsmottakar plikt til å opplyse om dette tilskotet. Opplysningsplikta gjeld i 3 år frå tilsegnstidspunktet.

Før utbetaling av tilskot må mottakaren skriftleg stadfeste eventuell anna bagatellstøtte som foretaket har motteke i det aktuelle skatteåret og i dei to føregåande skatteåra slik at ein sikrar at tilskotet er innanfor gjeldande maksimalgrense for bagatellstøtte, 200.000 euro over ein periode på 3 år. Det er tildelingsåret og ikkje utbetalingsåret som er avgjerande.

---